

# Kvartalsrapport

---

# 1-2011



**SpareBank**  
HALLINGDAL



# Kommentarar 1. kvartal 2011

## Konsernet

Konsernet omfattar morbanken og dei sju heileigde datterselskapa SpareBank 1 Ål Egedom AS, SpareBank 1 Hemsedal Egedom AS, SpareBank 1 Gol Egedom AS, SpareBank 1 Hallingdal Invest AS, EiendomsMegler 1 Geilo AS, Hemsedal Eiendomsmegling AS og Hemsedal Regnskap AS. I dette kvarтаlet har SpareBank 1 Hallingdal kjøpt selskapet Hemsedal Eiendomsmegling AS og resterande 15% av aksjane i Eiendomsmegler 1 Geilo AS. Datterselskapa har innverknad på enkeltpostar i konsernrekneskapen, men har liten samla verknad på konsernresultatet. I 1. kvartal er samla verknad på konsernresultatet eit overskot på 0,3 mill. kr frå desse selskapa.

Banken eig 7,2% av Samarbeidende Sparebanker AS og 7,5% i Samarbeidende Sparebanker Bankinvest AS, som er felleskontrollerte verksemder eigd av 13 mellomstore bankar i SpareBank 1 Alliansen. Samarbeidende Sparebanker AS eig 19,5% av SpareBank 1 Gruppen AS. Resultatandelen frå desse felleskontrollerte verksemndene inngår i konsernrekneskapen i tillegg til morbanken og datterselskapa. Resultatet i dei felleskontrollerte verksemndene utgjer 5,4 mill. kr av det samla konsernresultatet.

## Morbanken

### Resultatutviklinga

Banken har eit driftsresultat etter skatt per 1 kvartal på 9,5 mill. kr som tilsvrar 0,67% av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Resultatet er på same nivå som tilsvarande periode i fjor.

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter utgjer 25,2 mill. kr mot 25,8 mill. i same periode i fjor. Rentenettoen i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital er per 1. kvartal på 1,77%. I same periode i fjor var rentenettoen 1,86%. Rentenettoen er under press, spesielt ut frå konkurransesituasjonen for både utlån og innskot.

Banken har overført ein del av bustadlåna til SpareBank 1 Boligkredit AS. Renteinntektene på lån som blir overført blir bytt ut med provisjon frå boligkreditselskapet. For å få eit komplett bilet av rentenettoen bør ein legge til desse provisjonsinntektene i nøkkeltalet for rentenetto. Så langt i år utgjer provisjonane 0,04% av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Rentenetto og provisjonsinntektene frå overførte lån til Boligkredit utgjer til saman 1,81% av gjennomsnittleg forvaltningskapital. I same periode i fjor var denne 1,93%, og me har med andre ord ein nedgang på 0,12 prosentpoeng.

Netto andre driftsinntekter utgjer 11,4 mill. kr mot 12,1 mill. i same periode i fjor. Banken har realisert ein del kursgevinstar på aksjar i kvarтаlet, som verkar positivt inn på resultatet, medan mindre utbytte frå selskap og provisjonsinntekter dreg dei andre driftsinntektene ned på eit lågare nivå enn i fjoråret.

Driftskostnadane aukar får 22,2 mill. i fjor til 22,9 mill. kr i 1. kvartal i år og skuldast i hovudsak auka personalkostnader. Rett nok utgjer nye uniformar til alle tilsette den største auken og er ei utgift som kjem med 2-3 års mellomrom. Naturleg nok aukar ordinære lønskostnader med 3,5% og tilsvrar om lag normal lønsauke i perioden. Dei andre driftskostnadane er om lag på fjorårsnivået.

Resultatrekneskapen viser ein netto tapskostnad på 0,9 mill. kr, og er ein del mindre enn same periode i fjor. Banken har ikkje konstatert nye tap i perioden, men har inntektsført kr 140.000 i inntekte på tilleggare konstaterte tap. Nedskrivingar for tap i kvartalet utgjer 1 mill. kr.

### Balanseutviklinga

Banken har ved utgangen av 1. kvartal ein forvaltningskapital på 5.608 mill. kr. Forvaltningskapitalen har auka med 0,5% siste 12 månader.

Utlånsvolumet har ei nokså flat utvikling. Totale utlån ved utgangen av 1. kvartal er 4.934 mill. kr, noko som er 140 millionar meir enn for eit år sidan. Omrekna i % er veksten 2,9% siste 12 månader. I bedriftsmarknaden har banken ein nedgang på 3,1%, medan personmarknaden har ein vekst på 6,9% siste 12 månader. Samla utlånsvekst siste 12 månader inkludert overførte lån til Boligkredit er 5,2%. Banken si relative balanseeksponering mot bedriftsmarknaden er 37,1% av samla utlån. Utlån til privatmarknaden utgjer 62,9%.

Sum engasjement som er misleghalde lengre enn 90 dagar utgjer per 1. kvartal 161,4 mill. kr av utlånsvolumet. Misleghaldet utgjer

3,3% av brutto utlån og er på eit høgare nivå enn ønskjeleg. Banken har eit særleg fokus på oppfølging av tapsutsette engasjement. Samla nedskrivingar for verdifall på utlån utgjer 41,0 mill. kr per 1. kvartal og er ein auke på 1,0 mill. kr frå årsskiftet. Misleghald og tap er ytterlegare spesifisert på side 4 i kvartalsrapporten.

Banken si portefølje av renteberande verdipapir klassifisert som omløpsmidlar utgjer 271,2 mill. kr (sertifikat og obligasjoner). Norske og utanlandske aksjar som inngår i handelsporteføljen er bokført til 41,6 mill. Aksjar av strategisk karakter og aksjar/andelar i datterselskap utgjer 165,5 mill. kr.

Innskota ved utgangen av kvartalet er på 3.458 mill. kr, det er ein reduksjon på 60,7 mill. frå same tid i fjor. Omrekna i prosent er reduksjonen siste året på 1,7%. Utlåns- og innskotsutviklinga gjer at finansieringsgraden (innskot/utlån) ved kvartalsslutt er på 70,1% mot 73,4% på same tid i fjor.

Banken har per 1. kvartal til saman 1.314 mill. kr i eksterne innlån, 5 obligasjonslån på til saman 999 mill. kr og 2 banklån pålydande til saman 315 mill. kr. Av desse låna har 215 mill. kr løpetid på under eit år. Banken har 50 mill. kr i kommiterte trekkrettar med løpetid til august 2012. I tillegg kjem ein oppgjerskredit på 40 mill. kr.

Banken sin soliditet er god. Kapitaldekninga er på 17,5% ved utgangen av 1. kvartal og er godt over det lovmessige kravet på 8%, samt interne kapitalmål. Resultatet hittil i år er ikkje teke med i grunnlaget for utrekning av kapitaldekning. Delårsrekneskapen er ikkje revidert.

SpareBank 1 Hallingdal har i 2010 saman med dei andre eigarane av Boligkredit, inngått avtale om etablering av ein likviditetsfasilitet for Boligkredit. Dette medfører at banken kommitterer (forpliktar) seg til å kjøpe boligkredittoligasjoner avgrensa til ein samla verdi av tolv månadar forfall i Boligkredit. Kvar eigar heftar prinsipalt for sin del av behovet, subsidiært for det dobbelte av det som er det primære ansvaret i same avtale. Obligasjonane kan deponerast i Norges Bank og medfører såleis ingen vesentlig auke i risiko for banken.

## Framtidsutsikter

Banken står overfor tre hovudutfordringar dette året.

For det første er det ei uviss knytt til utviklinga i det lokale næringslivet som naturleg nok er direkte og indirekte prega av reiselivsmarknaden. Me har lagt bak oss ein vinter som har vore ekstrem på fleire måtar. Den starta med ekstrem kulde over lang tid og lite nedbør, held fram med ekstrem vind for så å avslutte med tidleg sommarvarme. Skiføret held knapt til påske og høgtida som normalt genererer god trafikk til vårt marknadsområde nådde nok ikke heilt opp til eit normalår. Det lokale reiselivet har fått ein dårligare inngang på den rolegare sommarsesongen enn i eit normalår. Dette kan gje lokale utfordringar resten av året.

Me har over litt tid registrert ein mykje lågare aktivitet i næringslivet enn kva som var tilfelle før finanskrisa i 2008. Kreditteterspørselen frå det lokale næringslivet har vore avtakande og viser at aktiviteten ikkje tek seg opp så raskt som me kunne ønske. Innafor utlån til private ser me at aktiviteten er på eit bra nivå, og utlånsveksten så langt i år er stigande noko me ventar at vil forsterke seg ytterlegare utover i året.

Rentenivået har vore svært stabilt det siste året samstundes som kreditteksten nasjonalt har vore låg. Dette har ført til ein hard konkurransse mellom finansinstitusjonane om låne- og innskotskundane. I tillegg har bankane sine innlånskostnader auka pga. av uvissa i den internasjonale finansmarknaden. Summen av dette er eit svært sterkt press på norske bankar sin rentenetto. Denne situasjonen vil halde fram, men ein renteauke frå Norges Bank si side vil kunne ta vekk litt av presset. Me ser allereie no at det blir vanskeleg å nå forventa topplineinntekter dette året.

Banken har dei siste 2 åra brukt mykje ressursar på AFR-ordninga (Autorisasjonsordninga for finansielle rådgjevarar). Frå og med 1. april skal ein rådgjevar vere autorisert før ein kan finansiell rådgjeving. Det blir forventa at banken leverer god rådgjeving, og med 25 autoriserte rådgjevarar per i dag, står banken godt rusta i tida framover.

Hallingdal, 31.03.11/13.05.11

Kjell Vidar Bergo      Odd Holde      Kjell R. Kristiansen  
Formann

Sissel Bjørøen    Vidar Isungset    Mikael Fønhus    Kristin Ourom

## Resultatrekneskap 1. kvartal 2011

Tal i heile 1000 kroner

MORBANK						KONSERN				
Året 10	1. kvt. 10	1. kvt. 11	31.03.10	31.03.11		31.03.11	31.03.10	1. kvt. 11	1. kvt. 10	Året 10
231 210	55 237	57 986	55 237	57 986	Renteinntekter og liknande inntekter	57 400	54 669	57 400	54 669	228 544
124 778	29 402	32 750	29 402	32 750	Rentekostnader og liknande kostnader	32 823	29 411	32 823	29 411	124 673
<b>106 432</b>	<b>25 835</b>	<b>25 236</b>	<b>25 835</b>	<b>25 236</b>	<b>Netto rente- og provisjonsinntekter</b>	<b>24 577</b>	<b>25 258</b>	<b>24 577</b>	<b>25 258</b>	<b>103 871</b>
14 603	1 319	357	1 319	357	Utbytte og andre innt.av verdipapir med variabel avk.	5 402	5 268	5 402	5 268	30 589
37 790	9 149	9 028	9 149	9 028	Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	9 028	9 149	9 028	9 149	37 790
2 141	448	669	448	669	Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	668	448	668	448	2 142
2 665	1 411	2 443	1 411	2 443	Netto verdiendr. og gevinst/tap valuta og verdipapir	2 443	1 411	2 443	1 411	2 665
2 297	712	203	712	203	Andre driftsinntekter	5 031	5 565	5 031	5 565	19 193
<b>55 214</b>	<b>12 142</b>	<b>11 362</b>	<b>12 142</b>	<b>11 362</b>	<b>Sum andre inntekter</b>	<b>21 236</b>	<b>20 945</b>	<b>21 236</b>	<b>20 945</b>	<b>88 095</b>
<b>161 646</b>	<b>37 977</b>	<b>36 598</b>	<b>37 977</b>	<b>36 598</b>	<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>45 813</b>	<b>46 203</b>	<b>45 813</b>	<b>46 203</b>	<b>191 966</b>
62 330	17 822	18 494	17 822	18 494	Løn og generelle administrasjonskostnader	21 844	21 087	21 844	21 087	72 724
1 718	425	481	425	481	Avskrivningar mv av varige driftsmiddel	1 817	1 763	1 817	1 763	7 029
18 250	3 914	3 881	3 914	3 881	Andre driftskostnader	2 813	2 824	2 813	2 824	14 781
<b>82 298</b>	<b>22 160</b>	<b>22 856</b>	<b>22 160</b>	<b>22 856</b>	<b>Sum driftskostnader</b>	<b>26 474</b>	<b>25 674</b>	<b>26 474</b>	<b>25 674</b>	<b>94 534</b>
<b>79 348</b>	<b>15 817</b>	<b>13 742</b>	<b>15 817</b>	<b>13 742</b>	<b>Resultat før tap</b>	<b>19 339</b>	<b>20 529</b>	<b>19 339</b>	<b>20 529</b>	<b>97 432</b>
13 314	3 133	861	3 133	861	Tap på utlån, garantiar mv	861	3 133	861	3 133	13 314
-5 538					Nedskr og gev./tap på verdipapir haldne på lang sikt					-5 699
<b>71 572</b>	<b>12 684</b>	<b>12 881</b>	<b>12 684</b>	<b>12 881</b>	<b>Resultat etter tap</b>	<b>18 478</b>	<b>17 396</b>	<b>18 478</b>	<b>17 396</b>	<b>89 817</b>
15 222	3 300	3 400	3 300	3 400	Skatt på ordinært resultat	3 641	3 592	3 641	3 592	16 112
<b>56 350</b>	<b>9 384</b>	<b>9 481</b>	<b>9 384</b>	<b>9 481</b>	<b>Resultat av ordinær drift etter skatt</b>	<b>14 837</b>	<b>13 804</b>	<b>14 837</b>	<b>13 804</b>	<b>73 705</b>
					Minoritetens andel	0	57	0	57	115
<b>56 350</b>	<b>9 384</b>	<b>9 481</b>	<b>9 384</b>	<b>9 481</b>	<b>Resultat</b>	<b>14 837</b>	<b>13 747</b>	<b>14 837</b>	<b>13 747</b>	<b>73 590</b>

## Nøkkeltal

	MORBANK			
	1. kvt. 11	1. kvt. 10	Året 10	Norm 10 *)
<b>RENTABILITET</b>				
Rentenetto i % av gj.sn forvaltn.kapital	1,77	1,86	1,88	1,77
Driftskostnader i % av driftsinntekter	62,45	58,35	50,91	
Driftskost. i % av gj.sn.forvaltn.kapital	1,60	1,59	1,46	1,27
Eigenkapitalrentabilitet (før skattekostnad)	6,98	7,14	9,53	
Eigenkapitalrentabilitet (etter skattekostnad)	5,14	5,28	7,50	9,13
Bokførte tap i % av brutto utlån	0,02	0,07	0,27	0,24
<b>FINANSIERING</b>				
Utlånsvekst (brutto) siste 12 mndr.	2,91	2,19	1,62	
Innskotsvekst siste 12 mndr.	-1,72	6,15	0,73	
Innskot i % av brutto utlån	70,09	73,40	71,55	
Auke i forvaltn.kapitalen siste 12 mndr.	0,51	-2,08	1,15	4,75
<b>SOLIDITET</b>				
Netto ansvarleg kapital	762 427	711 070	763 059	
Kapitaldekning	17,54	17,00	17,79	17,00
Eigenkapitalprosent	13,86	13,05	13,34	8,71
Nedskriving i % av brutto utlån	0,83	0,61	0,81	0,83

\*) Byggjer på tal frå Bankenes sikringsfond for bänkar med forvaltningskapital mellom 3 og 10 mrd. kroner

## Balanse per 31. mars 2011 Tal i heile 1000 kroner

MORBANK			KONSERN		
31.12.10	31.03.10	31.03.11	31.03.11	31.03.10	31.12.10
24 094	24 749	16 698	Kontantar og fordringar på sentralbankar	16 698	24 749
306 718	282 098	164 455	Utlån til og fordringar på kreditinstitusjonar	165 430	282 589
4 945 957	4 794 094	4 933 699	Brutto utlån til og fordringar på kundar	4 854 471	4 711 668
-21 097	-12 274	-21 030	- Individuelle nedskrivningar	-21 030	-12 274
-18 900	-16 900	-19 900	- Gruppevis nedskrivningar	-19 900	-18 900
4 905 960	4 764 920	4 892 769	Netto utlån til og fordringar på kundar	4 813 541	4 682 494
280 291	277 850	271 210	Sertifikat, obligasjonar og andre rentebær. v.papir	271 210	277 850
98 026	81 467	102 273	Aksjar, andelar og andre vp. med variabel avkasting	103 256	82 560
75 853	51 199	75 625	Eigarinteresser i tilknytta selskap	134 767	92 142
24 454	23 631	29 268	Eigarinteresser i konsernselskap	0	0
103	1 230	103	Immatrielle eigedelar	14 329	13 607
11 323	10 153	11 479	Varige driftsmidlar	102 563	103 071
6 573	30 426	14 552	Andre eigedelar	14 552	30 426
28 328	32 257	30 010	Forskotsbetalinger og opprente inntekter	37 127	38 365
<b>5 761 723</b>	<b>5 579 980</b>	<b>5 608 442</b>	<b>Sum eigedelar</b>	<b>5 673 473</b>	<b>5 627 853</b>
<b>5 761 723</b>			<b>GJELD OG EIGENKAPITAL</b>		
292 000	392 000	315 000	Gjeld til kreditinstitusjonar	316 865	392 619
3 538 958	3 518 873	3 458 208	Innskot frå og gjeld til kundar	3 454 268	3 516 155
1 123 239	849 156	998 596	Gjeld stifta v/ utsteding av verdipapir	998 596	849 156
23 251	40 970	25 895	Anna gjeld	28 216	44 654
7 858	35 447	25 477	Påkommne kostnader og forskottbetalte inntekter	28 101	36 493
7 693	15 407	7 693	Avsetninger til forpliktingar og kostnader	11 635	20 331
<b>4 992 999</b>	<b>4 851 854</b>	<b>4 830 869</b>	<b>Sum gjeld</b>	<b>4 837 681</b>	<b>4 859 408</b>
0	0		Minoritetsinteresser	0	294
0	0		Fond for vurderingsforskellar	59 142	46 427
747 255	704 905	747 255	Annan eigenkapital	-1 545	-7 154
21 469	13 837	20 837	Sparebanken sitt fond	747 255	704 848
0	9 384	9 481	Gåvefond	20 837	13 837
<b>768 724</b>	<b>728 126</b>	<b>777 573</b>	Resultat hittil	10 103	10 193
<b>5 761 723</b>	<b>5 579 980</b>	<b>5 608 442</b>	<b>Sum eigenkapital</b>	<b>835 792</b>	<b>768 151</b>
<b>5 761 723</b>			<b>Sum gjeld og eigenkapital</b>	<b>5 673 473</b>	<b>5 627 853</b>
			<b>POSTAR UTANOM BALANSEN</b>		
586 637	619 396	589 492	Betinga forpliktingar	589 492	619 396

## Misleghald og tap på utlån

Tal i heile 1000 kroner

MORBANK		
1. kvrt. 11	1. kvrt. 10	Året 10
161 382	55 271	107 076
21 118	7 354	20 889
<b>140 264</b>	<b>47 917</b>	<b>86 187</b>
IKKJE MISLEGH. LÅN MED NEDSKRIVING		
Brutto utlån	0	58 979
- individuelle nedskriving	0	5 395
<b>NETTO IKKJE MISL.H. LÅN M/NEDSKR.</b>	<b>0</b>	<b>53 584</b>
TAP PÅ UTLÅN OG GARANTIAR		
Endring gruppe nedskriving	1 000	2 000
Endring individuell nedskriving	0	3 204
Konstatert tap i perioden	0	0
Inngått på tidl.konst. tap	-139	-71
<b>TILBAKEFØRING (-) / TAP I PERIODEN (+)</b>	<b>861</b>	<b>3 133</b>

Telefon 03202  
Faks 3202 3901  
post@sb1.no  
www.sb1.no  
Foretakregisteret  
937 889 631

Kundesenteret  
Postboks 33  
3551 Gol  
Forretningsadresse  
Postboks 173  
3571 Ål

Ål  
Geilo  
Gol  
Hemsedal  
Valdres

Postboks 173 3571 Ål  
Postboks 13 3581 Geilo  
Postboks 33 3551 Gol  
Postboks 23 3561 Hemsedal  
Postboks 183 2901 Fagernes

**SpareBank**  
**HALLINGDAL**